



# Haugaland brann og redning iks

## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Repr 24/009	Dato:	21.03.2024

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks	21.03.2024	vedtak
Representantskapet for Haugaland brann og redning iks	19.04.2024	vedtak

## FINANSIERING AV KØYRETØY FOR SJØLVKOSTOMRÅDET

### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks innarbeider framlegg til finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i revidert økonomi- og handlingsplan som vert lagt fram for representantskapet 19.04.2024.

#### Sakshandsaming i styret 21.03.2024

Det vert vist til sak 24/017. Ettersom det ikkje skal leggst fram ein revidert økonomi- og handlingsplan for perioden 2024-2027, vert framlegg til vedtak endra til:

1. Representantskapet vedtek finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i samsvar med saka:  
Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert) med ein årleg kostnad på 218 112,-.  
Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert/utkjøp frå gjeldande leasingavtale) med ein årleg kostnad på 151 512,-.

Framlegg til vedtak var einstemmig.

#### Framlegg til vedtak i styret

1. Representantskapet vedtek finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i samsvar med saka:  
Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert) med ein årleg kostnad på 218 112,-.  
Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert/utkjøp frå gjeldande leasingavtale) med ein årleg kostnad på 151 512,-.

#### Sakshandsaming i representantskapet 19.04.2024

#### Vedtak i representantskapet

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Feiar- og tilsynsavdelinga (sjølvkost) leasar i dag 12 spesialbygde og «godkjente» køyretøy til formålet (ren/skitten sone). Leasingavtalane går ut i perioden 01.06.24 til 01.01.25, og bilane må erstattast med tilsvarande køyretøy.

Den nye kommunale rammeavtalen på leasing har 4 års varighet mot 5 år som den førige leasingavtalen HBR hadde med Åkra Bilutleie AS. Det har ikkje vært mogleg for HBR å få en ny avtale på 5 år, men rammeavtalen opnar for kjøp til same pris som blir lagt til grunn for leasing prisen.

I tillegg til reduserte varighet på leasingavtalane har det vore ei vesentleg prisauke på leasing.

Det blir her foreslått ei løysing for å ta ned kostnadane knytt til køyretøy ved å kombinere kjøp og leasing.

For å gjennomføre kjøp med lånefinansiering vert det vist til endringar i lov om interkommunale selskap som trede i kraft 1. juli 2023;

§ 20 – innhald i økonomiplan og årsbudsjett

(...)

Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

(...)

Med dette som utgangspunkt må saka løftast inn for representantskapet der det vert gjennomført eit vedtak for eventuelle investeringar.

## VURDERINGAR:

HBR leasar i dag totalt tolv feiarbiler, innreiing på desse køyretøya er relativt kostbar og det er av den grunn vurdert at det vil vera økonomisk gunstig å kjøpe nokre av køyretøya og halde desse i teneste lengre enn det leasingavtala legg opp til.

Leasing er dyrare enn å kjøpe bil, men det gir meir forutsigbare utgifter fordi vedlikehald er inkludert i prisen og du trenger ikkje ta omsyn til restverdi. Å kjøpe bruktbil er meir risikabelt enn å kjøpe nybil, men me meiner det er trygt å kjøpe ut to av dei minst køyrde bilane me har no. Me har fått tilbud frå utleigar om å kjøpe ut to av bilane som har lengst levetid att.

Stillingsstørrelse for fleire i avdelinga, vikariat som går ut 2024 og det faktum at Sveio kommune går ut av samarbeidet, gjer at tal på køyretøy kan reduserast med to bilar.

Det er åtte bilar som skal leverast attende 01.06.2024, som erstatning for disse er det foreløpig bestilt leasing av fire nye fossilbilar med firehjulstrekk. Årsak til dette er at det ikkje er mogleg å få firehjulstrekk av elbil i leasingportefølja. For dei fire andre bilane så er det ønskeleg å erstatte disse med kjøp av to nye bilar som er særleg tilpassa hyttefeiring og to brukte bilar av dei som me leasar i dag.

For dei fire siste bilane som skal leverast tilbake 01.11.2024, er det gitt tilbud om utvida leiga fram til hovudbrannstasjonen står klar i april 2025. Ei forutsetning for å leige desse vidare er at me tar alle service- og vedlikehaldskostnadar sjølv. Når desse fire siste blir levert tilbake blir desse erstatta med leasing av to nye EL-bilar.

Den løysinga som ut frå dette vert vurdert til å vera best er:

Leasing Fossilbil (bestilt)	4	10 789,-	517 872,-
Leasing Elbil	2	10 306,-	247 344,-
Kjøp nye køyretøy (lånefinansiert):	2	9 088,-	218 112,-
Kjøp av eksisterande leasingavtale:	2	6 313,- <sup>1</sup>	151 512,-

Løysinga utløyser eit lånebeløp på ca. 1 900 000,- med 10 år nedbetaling og 4 % rente.

Samanlikning prisøkning årleg kostnad:

Gamal avtale - 12 bilar	849 360,-
Ny avtale - 12 bilar (for samanlikning)	1 696 775,-
Ny avtale 10 bilar inkl. kjøp av 4 bilar	1 134 840,-

<sup>1</sup> Baserer seg på kjøpspris 230 000,- lån med løpetid 5 år + 2000,- i månedlig vedlikehold

Haugesund, 21.03.2024

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg:           ingen